



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Laila Nordheim Alme, 55 57 23 19

Vår dato  
13.06.2008  
Dykkar dato  
14.03.2008

Vår referanse  
2008/3564  
Dykkar referanse  
200801226-/IBF

Justis- og politidepartementet  
Postboks 8005 Dep  
0030 Oslo

### **Høyring: NOU 2008:4 - Fra ord til handling - Bekjempelse av voldtekt krever handling - høyringsfråsegn**

Fylkesmannen i Hordaland viser til brev av 14. mars 2008 vedlagt høyringsdokumentet og sender med dette følgjande høyringsfråsegn.

#### **Valdtekt i eit folkehelseperspektiv**

Ein samfunnsdebatt om skeivfordelinga av makt mellom kvinner og menn ville truleg vere eit viktig utgangspunkt for å finne verksame tiltak som kan redusere talet på valdtekter.

Både folk flest og hjelpeapparatet ber på haldningar som medverkar til å vedlikehalde maktbalansen mellom kjønna. Då er det forståeleg at mange kvinner held valdtekta for seg sjølv, og forklarleg at valden held fram.

#### **Førebyggjande tiltak**

Vi veit for lite om omfanget av valdtekt, og vi er samde med utvalet i at det trengst ei nasjonal kartlegging som grunnlag for planlegging av tenestetilbod og førebyggjande tiltak. Framlegga til førebyggjande tiltak og tiltak for å få fleire til å melde valdtekt er ikkje gode nok.

Skulen si rolle er først og fremst, i samarbeid med foreldra, å gi kunnskap og sjølvtilitt, ikkje å førebyggje. Valdsbruk og maktfordeling er sentrale element i samfunnsforståinga. Kunnskap om, drøfting av og refleksjon rundt forholdet mellom menn og kvinner bør vere ein naturleg del av undervisninga i fleire fag og i ordskiftet elevane imellom. Før det blir tilrådd spesielle undervisningsprogram og temaperiodar for å førebyggje valdtekt, må det dokumenterast at slike tiltak faktisk får den effekten vi vonar å oppnå og er utan uheldige biverknader.

#### **Kostnadsfrie helsetenester**

Det er eit fornuftig prinsipp at den ordinære helse- og sosialtenesta skal gjerast i stand til å ta hand om dei fleste helseproblem som folk har. Difor er overgrepsmottaka for det meste lagt til interkommunale legevakter. Denne organiseringa vil gi eit likast mogeleg tenestetilbod.

Vi veit etterkvart mykje om kva som gjev kvinner langvarige problem etter valdtekt. Fastlegane og kommunehelsetenesta som har ansvar for å følgje opp kvinnene, må ha denne kunnskapen. Når det er behov for langvarig psykososial oppfølging, bør kvinnene visast til

psykolog eller andre som kan gje slik oppfølging. Vi trur det viktigaste er at tilvising skjer etter ei grundig fagleg vurdering og ikkje om behandlinga er gratis.

Gratis psykolog til kvinnene i inntil eitt år vil vere vanskeleg å forsvare i høve til andre som blir brutalt ramma av sjukdom og død. Mange kommunar har dessutan ikkje psykolog, og tiltaket vil difor fort kunne medverke til større skilnader i behandlingstilbodet.

I akuttfasen meiner vi det er viktig at valdtekte kvinner får gratis helsehjelp.

**Tilbod om systematisk behandling av unge overgripingar.**

Vi meiner det minst bør vere slike tilbod i Oslo og Bergen og går inn for å vidareføre eksisterande tilbod.

**Tilrettelagt samtale mellom den valdtekte kvinna og valdtektsmannen**

Vi støttar utvalet sin skepsis til at dette kan bli ein lett veg ut for mannen og at det kan opplevast som eit nytt overgrep for kvinna. Dersom nokon likevel ønskjer ein slik samtale, meiner vi at konfliktråda kan få opplæring til å gi eit slikt tilbod. Dette er, etter vårt syn, ikkje ei oppgåve for helsetenesta.

Med helsing

Helga Arianson e.f.  
fylkeslege

Laila Nordheim Alme  
fylkessjukepleiar